



PÅ KYRKJEBAKKEN: Deltakarane under dei lokalhistoriske dagane på Bømlo samla ved den gamle steinkyrkja på Moster.

### Under denne plakaten vart dei lokalhistoriske dagane og årsmøte i Hordaland sogelag avvikla på Rubbestadneset på Bømlo laurdag 14. og søndag 15. mars.

Samlinga tok til laurdag med registrering av dei over 40 utsendingane frå 14 av medlemslaga i Hordaland sogelag. Hordaland sogelag som vart oppretta av Hordaland fylkeskommune i 1986, er ein paraplyorganisasjon for dei 32 historie- og sogelaga i fylket. Fylkeslaget som er tilslutta Landslaget for lokalhistorie, har sidan stiftinga hatt i oppgåve å samordna arbeidet med dei lokalhistoriske dagane.

Bømlo tur- og sogelag var vertskap for samlinga. Den dugande leiaren Norvald Nyteit hadde også sett saman eit kultur og utfluktsprogram som laget kan vera stolte over. Så har då laget eit godt og fruktbart samarbeid med den politiske leiinga i Bømlo kommune, noko me tysnesingar må misunna dei.

Utsendingane vart helsa velkomne av varaordførar Jorunn Løklingholm (Krf) som gav ei kort utgreiing om den store øykommunen og kva kommunen har å tilby innan kultur og mangfald for store og små.

#### «Steinriket Bømlo»

Geologen, førsteamanuensis ved UiB, Øystein Jansen, heldt eit gripande foredrag om Bømlo, ein kommune som omfattar over 1000 øyar med stort og smått. Han tok utgangspunkt i då jorda vart skild mellom hav og land for over 500 millionar år sidan, og viste med plansjar kor grunnfjellet til Bømlo vaks or

havet på jordkloden, og fortalde vidare om opphavet til den store og unike variasjonen av fjellartar. Bømlo er største leverandør av steinmaterialar gjennom tidene i Norge. I København finst det mykje marmor frå Bømlo både i kongelegeslott og i gamal brukleging i den danske hovudstaden.

Dei fleste av oss har vel høyrte om gullutvinninga på Bømlo. I 1862 var det ein gjetargut som fann den fyrste gullklumpen på Lykling. I åra 1882 til 1910 var det drive gullgruver i stor stil langs setter kvartarsårene i Lyklingeberga. På det meste var det 400 til 500 mann sysselsett i gruvene og til saman vart det utvinna over 200 kg reint gull.

Alt frå før år 1000 har det truleg vore stort uttak av kleberstein til gryter og etterkvart byggestein ved Uro på Lykling. Mostrakyrkja og dei store kyrkjebygga i Bergen er sannsynlegvis bygd med stein frå Bømlo, og det vert hevda at dette har vore det største klebersteinsbrotet i Hordaland. Utetter 17- og 1800-talet var det mang slags gruve drift på Bømlo.

#### Teater og industri

Under festmiddagen laurdagskvelden var det underhaldning ved trubadurar frå «Bømloteateret», som fortalde soger og segn frå lokalmiljøet krydra med visesong i eit rikt utval. Fleire nytta også høvet til å fortelja soger frå tidlegare besøk på Bømlo. Soger av det muntre slaget som fekk fram gapskratten hjå forsamlinga.

Eit besøk hjå Wärtsilä på Rubbestadneset fekk me også, til den gamle Wichmann-smia der aktive pensjonistar kosar seg med gamle skipsmotorar og fortel levande om hjørnesteins-

verksemda som har betydd så utruleg mykje for sysselsettinga gjennom tidene.

Norges fyrste kyrkja Steinkyrkja på Moster er oppfatta som den eldste kristne kyrkja i landet. I følge Snorre Sturlason var Moster fyrste staden Olav Tryggvason gjorde strandhogg i år 995, då han var på veg heim frå England for å ta kongemakta og kristna landet. Fyrste kyrkja var nok ei trekyrkje, men på tufene av denne vart noverande steinkyrkje reist, ei staseleg lita steinkyrkje som tilreisande og turistar må få meg seg når dei gjeister kommunen. Ei synfaring i kyrkja og omvising i Moster Amfi som ligg like ved vart ein naturleg samlingsstad for avslutning av dei lokalhistoriske dagane.

#### Årsmøte

Årsmøte i Hordaland sogelag vart avvikla søndag føremiddag. Årsmeldinga fortel om god aktivitet og stabil økonomi. Studieturane i vesterveg kvart år er svært populære. Turane går til område både vestover og austover til land og stader der vestlendingane busette- og sette varige spor etter seg i meir en tusen år. Mikal Heldal frå Tysnes sogelag vart attvalt som leiar. Ny i styret etter Einar Borgund frå Radøy som sa frå seg attval, vart John Einarsen frå Fjell Kulturminnelag.

#### Kjekt å få vera med.

Liz Malkenes og Jan Økland var utsendingar til årsmøte frå Tysnes sogelag.

– For meg som er dansk er det veldig kjekt å få vera med på årsmøte. Det er veldig interessante foredrag og besøket til den gamle Mostrakyrkja



ATTVAL SOM LEIAR: Mikal Heldal frå Tysnes vart attvalt som leiar for Hordaland sogelag.



FRÅ TYSNES: Liz Malkenes og Jan Økland var utsendingar frå Tysnes sogelag. Her saman med tysnesingen Mikal Heldal som er leiar for Hordaland sogelag.

i stålande vårsol var veldig stemningsfullt. Foredraget til Øystein Jansen var berre heilt fantastisk. Han formidlar kunnskapen sin på ein så levande måte at du blir berre heilt fasinert. Eg håpar han får tid til å besøka oss att på Sogesoddet til hausten, for han er invitert, fortel Liz Malkenes i Tysnes sogelag.

AV KAARE M. MALKENES



WICHMANN-SMIA: Omvisar Richard Martin Kvarven fortel levande frå historia til den viktige hjørnesteinsverksemda på Bømlo.